

## PROTOKOLL

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Formål:</b>            | Møte 1 - 2017 i Utval for helse og omsorg  |
| <b>Møtetid:</b>           | Fredag 10.februar, kl. 09:00 - 12:00   |
| <b>Stad:</b>              | Møterom Regionrådet  |
| <b>Til stades:</b>        | Stian Herøy, Ernst Horgen, Karstein Totland, Peter Kubon, Tord Moltumyr, Øivind Olsnes, Jarle Landås, Astrid Aarhus Byrknes og Anne Hildegunn Færøy. |
| <b>Ikkje møtt:</b>        | Anita Sørtveit   |
| <b>Til stades på sak:</b> | Sak 3/17 Helga Ellingsen, Leiar for kommunalsjef gruppa  |
| <b>Møteleiar:</b>         | Astrid Aarhus Byrknes  |
| <b>Referent:</b>          | Anne Hildegunn Færøy   |

| SAKSNR | SAKER  |
|--------|--|
| 1/17   | <b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b><br>Innkalling og sakliste godkjent utan merknader   |
| 2/17   | <b>Godkjenning av referat frå utvalsmøte 3-2016, 16.september</b><br>Referat frå møte 3-2016 godkjent utan merknader.  |
| 3/17   | <p><b>Handlingsplan for interkommunalt samarbeid 2017 og konkretisering av utvalet(HU) sine prioriteringar.</b></p> <p>Leiar i Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg, Helga Ellingsen presenterte status for tiltak som var prioritert i 2016 og kommunalsjefgruppa sitt forslag til prioriteringar i Handlingsplan for 2017. Gjennom denne handlingsplanen har ein avgrensa og konkretisert det interkommunale samarbeidet innan helse og omsorg for perioden 2016/2017. For kvart av innsatsområda er det vurdert kva strategiske grep og tiltak som skal prioriterast. I 2017 har ein tilrådd at det vert arbeidd vidare med;</p> <ol style="list-style-type: none"> <li><u>Lærings- og meistringstilbod</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Tiltak er iverksett og vert arbeidd vidare med som prosjekt i 2017.</li> <li>Prosjektet er finansiert gjennom skjønsmidlar og eit mindre tilskot frå alle deltakarkommunane. Innan 2018 må det vurderast om dette er eit samarbeidstiltak som skal inn som eit fast tilbod i kommunane.</li> <li>Særavtale om samarbeid mellom kommunar og helseføretak om opplæring av pasientar, brukarar og pårørande i eit lærings- og meistringsnettverk er utarbeidd. Avtalen blir sendt til handsaming i kommunane når den er handsama i Samarbeidsutvalet for Nordhordland.</li> </ul> </li> <li><u>Betra system og struktur for å sikra samarbeid og god pasientflyt innan psykisk helse og rus.</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Prosjektleiar er engasjert. Arbeids- og styringsgruppe er etablert. Vurdering av organisering, form og innhald er starta saman med Helse Bergen.</li> <li>Prosjektet er finansiert gjennom skjønsmidlar.</li> </ul> </li> <li><u>Kompetanseutvikling og - utveksling.</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Kommunalsjefgruppa vil arbeide med å utvikle og planlegge for at Helsehuset vert ein arena for utvikling og forskning.</li> <li>Kommunane Masfjorden, Austrheim, Radøy og Meland har gått inn i eit samarbeid med Bergen kommune og utdanningsinstitusjonane om forskning, innovasjon og utdanning. Målet er å sette fokus på forskning i primærhelsetenesta, og ikkje minst vere med å påverke kva kommunane ynskjer det skal forskast på. Innovasjon og kompetanseheving er også ein viktig del av dette prosjektet. Meir informasjon om prosjektet kan ein finne på Bergen kommune si heimeside under «<a href="#">Kunnskapskommunen Helse Omsorg Bergen</a>».</li> <li>ALIS(Allmennleger i spesialisering) - pilotprosjekt for Bergen og omlandskommunar. Prosjektet er tildelt midlar frå Helsedirektoratet og det vert arbeidd med å tilsetje</li> </ul> </li> </ol> |

|      |  |
|------|--|
|      | <p>prosjektleiar. Alle kommunar er invitert til å delta i prosjektet.</p> <p>4. <u>IKT/Velferdsteknologi.</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere om kommunane skal samarbeida for å planlegga for bruk av velferds-/omsorgsteknologi i alle kommunar.</li> <li>○ Lindås kommune er ein ressurskommune for vår region og skal inngå kontrakt med leverandør for utvikling og leveranse av utstyr. Det er tilrådd at dei andre kommunane i regionen går saman for å søkja om tilskot til å bli ein del av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Dette for å førebu implementering og bruk av velferdsteknologi i alle kommunane i regionen.</li> <li>○ Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere bruk av same dokumentasjonssystem innan PLO og psykisk helse og rus i alle kommunane i NH. Mål og tiltak er i samsvar med kommunane sin felles IKT-strategiplan for 2015 – 2018.</li> </ul> <p>5. <u>Folkehelse</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Innsatsområdet er tatt ut av Handlingsplanen for 2017. Dette fordi oppfølging og tiltak er lagt til Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling. Kommunalsjefgruppa for Helse og omsorg ventar med vidare arbeid med dette området til mål og tiltak er avklara.</li> </ul> <p><u>Drøfting:</u></p> <p>Utvalet støttar avgrensing og konkretisering av innsatsområda og tiltak som er prioritert i Handlingsplanen. Dette er i tråd med Utval for helse og omsorg sine prioriteringar for perioden 2017/2018. Det vert særleg vist til at arbeidet med ALIS-prosjektet er viktig og at alle må bidra til utviklinga av det som skal bli eit kunnskaps-/kompetansesenter i Helsehuset. Det vert presisert at alle kommunane må bidra til å løfte fram Helsehuset som eit fyrtårn for utvikling og samarbeid. Utval for helse og omsorg vil ha dette som tema på sine møter.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Utval for helse og omsorg takkar for orienteringa og sluttar seg til at ein held fram med samarbeidet på tvers av kommunane slik det er presentert i Handlingsplanen og i Utval for helse og omsorg sine prioriteringar for perioden 2017.</p> <p>Vidare er det semje om at det er viktig at dette utvalet løftar fram samarbeid og utvikling av Helsehuset som ein framtidig samarbeids- og utviklingsarena.</p> |
| 4/17 | <p><b>Region Nordhordland Helsehus</b></p> <p>Statusoppdatering for prosjektet v/ Rune Heradstveit:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Alt areal i bygget er utnytta.</li> <li>– Etter fleire rundar og tett samarbeid med arkitektar, prosjekterande ingeniørar, styringsgruppa og leiarar for tenestene som skal inn i Helsehuset nærmar det seg slutten på forprosjektfasen.</li> <li>– Det er meldt at forprosjektrapporten blir 6 veker forseinka ifht tidlegare avtala tidsrammer. Rapporten med kalkylar vil gje oss grunnlag for fordeling av areal og kva leigekostnadene vert for kvar av leigetakarane. Det er venta at rapporten føreligg 31.mars.</li> <li>– Det er eit mål at avtalane med leigetakarane skal vere klar før påske.</li> <li>– Det er venta at byggesøknaden skal vere klar til politisk handsaming i Lindås i mai d.å.</li> <li>– Vidare vart det orientert om at det vil komma sak til alle eigarkommunane vedr. endra lånerammer når forprosjektrapport med kalkylar føreligg.</li> </ul> <p>Presentasjon av skisser med plassering av alle tenester v/Anne Hildegunn Færøy:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– Det har vert god dialog i arbeidet med utforming av arealet og plassering av tenester i huset. Leigetakarane har vert tett på prosessen og samarbeidd godt med arkitektane. Det er m.a arbeidd med å få til best mulig utforming av areal til kvar av avdelingane, samtidig som det har vert retta fokus på løysingar som legg til rette for samarbeid på tvers av tenestene.</li> </ul> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Utvalet takkar for orienteringa, og ønskjer å ha dette som eit fast punkt på saklista frametter.</p>   |

|      |   |
|------|---|
| 5/17 | <p><b>Møteplan 2017</b></p> <p>Utvalet hadde i forkant av møtet fått tilsendt forslag til møteplan for 2017 :</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fredag 10. februar</li> <li>- Fredag 02. juni</li> <li>- Fredag 15. september</li> <li>- Fredag 01. desember</li> </ul> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Fredag 2. juni kolliderer med anna IK møte og må flyttast. Sekretær blir bedt om å finne ny dato. Utover det er møteplan er godkjent.</p>   |
| 6/17 | <p><b>Orientering frå andre utval:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Regionrådet- ingen saker til orientering</li> <li>- Rådmannsutvalet(RU) - ingen saker til orientering</li> <li>- Samarbeidsutvalet for NH - Referat frå møte 8.desember 2016, vedlagt. Neste møte i SU NH er 23.februar. Dei kommunale representantane har eige formøte for gjennomgang og drøfting av sakene i forkant av SU møta.</li> </ul>  |
| 7/17 | <p><b>Eventuelt</b></p> <p><u>LAR avtalen</u></p> <p>Tord Moltumyr har meldt inn denne saka og viste til at Helse Bergem at <i>utkast til avtale om finansiering av kostnader ved utlevering av LAR-legemiddel mellom kommune og Haukeland Universitetssjukehus(HUS)</i> er sendt ut til kommunane. Det er føreslått at avtaleutkastet kan nyttast som ein mal for utarbeiding av avtale med alle kommunar der det er ønskje om/behov for å inngå slik avtale.</p> <p>Det vert stilt spørsmål ved og drøfta om det burde vert ei felles tilnærming for kommunane i Nordhordland når det gjeld vidare arbeid med denne avtalen.</p> <p><u>Konklusjon:</u></p> <p>Utvalet ber Fagrådet for kommuneoverlegar komme med fageleg tilråding i saka. Tord Moltumyr følgjer dette opp.</p> <p>Utvalet ber Rådmannsutvalet(RU) vurdere om kommunane skal samarbeida for å utarbeida ein felles avtale med helseføretaket om finansiering av kommunane sine kostnader ved utdeling av LAR-legemiddel.</p> |